



ULSTEIN KOMMUNE



EIGARMELDING DEL I

Overordna prinsipp

Vedteke i Ulstein kommunestyre i sak 56/25

Innhald

Innhald	2
1. Om eigarmeldinga del I og del II	3
1.1. Innleiing.....	3
1.2. Vanlege føretaksformer i kommunal sektor	3
2. Overordna prinsipp for eigarstyring	5
2.1. Kvifor opprettar vi føretak?.....	5
2.2. Kva er føremålet med ulike føretak?.....	5
3. Overordna mål for eigarskapet.....	6
3.1. Overordna mål for alt eigarskap.....	6
3.2. Mål for finansielt eigarskap.....	6
3.3. Mål for ikkje-finansielle eigarskap.....	6
4. Andre prinsipp for eigarstyring	6
4.1. Eigarmøte	6
4.2. Lønspolitikk og arbeidsgivarpolitikk	6
4.3. Samfunnsansvar	7
4.4. Etikk.....	7
4.5. Openheit og innsyn	7
4.6. Forholdet til reglane om offentlege innkjøp	7
4.7. Bidra til lokal utvikling og gode tenester til våre innbyggjarar	7
5. Roller og ansvar	7
5.1. Kommunestyret.....	8
5.2. Formannskapet	8
5.3. Ordførar	9
5.4. Styret.....	9
5.4.1 Forventningar til styret si samansetning.....	9
5.4.2 Styret si rolle og ansvar.....	10
5.4.3 Habilitetsvurdering av styrerepresentantar	10
5.4.4 Styrehonorar	10
5.5. Kommunedirektør.....	11
5.6. Kontrollutvalet	11
5.7. Opplæring av og informasjon til folkevalde.....	12

1. Om eigarmeldinga del I og del II

1.1. Innleiing

Ulstein kommune har eigardelar i aksjeselskap, interkommunale selskap, kommunale føretak og engasjement i sjølveigande institusjonar. Vidare deltek Ulstein kommune i større og mindre interkommunale samarbeid. I eigarmeldinga vert desse omtalt med samleomgrepet «føretak».

Målet er å utøve eit eigarskap som samla sett skal bidra til god utvikling av føretaka, langsiktig verdiskaping og tydeleg styring. Dette krev tydelege føringar, rolleavklaring og open dialog mellom eigar og føretak.

Ulstein kommune ønsker ei klårgjort rolle- og ansvarsdeling mellom eigar og føretak, som følgjer prinsipp for god eigarstyring og føretaksleiing, slik det er nedfelt i [KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll](#).

Ulstein kommune si eigarmelding er delt i to delar og skal:

1. Del I - Tydeleggjere korleis kommunen vil utøve ein overordna eigarskapspolitikk.

Den overordna eigarskapspolitikken har mål om å danne grunnlag for klåre retningslinjer til føretaka og forenkle samarbeidet ved fleire eigarar. Overordna forventningar, mål og prinsipp gjeld uavhengig av føretaksform og kva målsettingar kommunen har med føretaket. Eigarmeldinga skal også klargjere roller og ansvar.

Eigarstyringa skjer av dei folkevalde samla og ikkje av enkeltpolitikarar.

Eigarmeldinga del I skal oppfylle krava i [kommunelova § 26-1](#) a.

2. Del II - Gi ei samla oversikt over alle kommunen sine eigarposisjonar.

Eit utval av føretaka vil ha ein nærmare omtale. Dette skal gi føretaka signal om kva strategiar og forventningar eigar har.

Eigarmeldinga del II skal oppfylle krava i [kommunelova § 26-1](#) b og c.

1.2. Vanlege føretaksformer i kommunal sektor

Under følgjer ei enkel oversikt over vanlege føretaksformer i kommunal sektor:

AS – aksjeselskap som er regulert av aksjelova. Selskapet sitt øvste eigarorgan er generalforsamlinga. Selskapet vert forvalta av eit styre.

IKS – interkommunalt selskap som er regulert av lov om interkommunale selskap. IKS er eit sjølvstendig rettssubjekt og skal opptre i eige namn. Deltakarkommunane utøver eigarstyring gjennom sine medlemmar i representantskapet. Selskapet vert forvalta av eit styre.

KF - kommunalt føretak som er regulert av kommunelova. KF er ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men er ein del av kommunen. Føretaket vert leia av eit styre, som er peika ut av kommunestyret. Dagleg leiar står i linje under styret, som igjen er underlagt kommunestyret.

SA – samvirkeføretak som er regulert av samvirkelova. Eit samvirkeføretak er ikkje eit selskap. Samvirkeføretak har medlemmer, men ikkje eigarar. Årsmøtet er samarbeidet sitt øvste organ.

Stifting - regulert av stiftingslova. Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt. Som stiftar kan kommunen verken utøve styring over stiftinga si verksemd eller gjere krav på delar av stiftinga sitt overskot. Ulstein kommune skal som hovudregel ikkje opprette nye stiftingar.

Kommunalt oppgåvefellesskap - regulert i kommunelova § 19-1. I eit oppgåvefellesskap kan to eller fleire kommunar løyse felles oppgåver, og er eitt av fleire alternativ for organisering av interkommunalt samarbeid. Eit oppgåvefellesskap kan ikkje ha mynde til å treffe enkeltvedtak, men kan likevel få mynde til å treffe denne type vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar.

Vertskommune – regulert av kommunelova kapittel 20. Modellen inneber at kommunen overlèt ansvaret for bestemte oppgåver og slutningar til ein anna kommune. Modellen inneberer ikkje etablering av eigen juridisk person, men er eit reint avtalebasert samarbeid.



Figur 1: Frå KS Folkevalgtprogram 2019-2023, [Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll](#)

Figuren viser på ein forenkla måte korleis alternative føretaksmodellar har aukande grad av sjølvstende. Pila si retning viser aukande behov for eigarstyring.

2. Overordna prinsipp for eigarstyring

Prinsipp for eigarstyring bør konkretiserast i den føretaksdokumentasjonen som gjeld for det enkelte eigarskap.

2.1. Kvifor opprettar vi føretak?

Hovudregelen er at kommunale tenester vert produsert og ytt i eigen regi, under kommunedirektøren sitt ansvar og mynde, med direkte folkevald kontroll og styring.

Der oppgåveløysinga er organisert i føretak, har dei folkevalde meir indirekte styringsmidlar.

Ulstein kommune kan vurdere å organisere si verksemd i føretak, dersom:

- kommunale tenester krev investeringar i infrastruktur på tvers av kommunegrensene
- tenesta kan driftast meir effektivt i samarbeid med andre offentlege aktørar (stordriftsfordelar)
- tenesteproduksjonen blir meir robust ved samarbeid med andre
- det er føremålstenleg å samarbeide om verksemda med private aktørar
- statlege tilskotsordningar har føresetnad om selskapsorganisering utanfor ordinær struktur
- skatte- og avgiftsmessege forhold gjer det økonomisk fordelaktig med selskapsorganisering
- selskapet opererer i ein marknad og er meir tent med ei friare stilling enn det som er tilfellet i ein ordinær organisasjon

2.2. Kva er føremålet med ulike føretak?

Føremålet med eigarskapet og eventuelle strategiar skal vere skildra i politiske vedtak.

Ulstein kommune sine føremål med eit føretak skal vere innanfor ein desse fem kategoriane:

- **Finansielt:** Sikre høgast mogleg avkastning over tid.
- **Politisk:** Avhengig av politiske prioriteringar og engasjement, t.d. kultur og samferdsel.
- **Effektivisering:** Bidra til meir effektiv tenesteproduksjon, t.d. renovasjon.
- **Samfunnsøkonomisk:** Gjennomføre samfunnsmessige oppgåver, t.d. infrastruktur.
- **Regionalpolitisk:** Styrking av kommunen eller regionen sin vekst

Dersom kommunen sitt føremål med eigarskapet i føretaket vert endra, bør eigarskap og strategi vurderast på nytt.

3. Overordna mål for eigarskapet

3.1. Overordna mål for alt eigarskap

Ulstein kommune sitt mål som eigar er både høgast mogeleg økonomisk gevinst og best mogeleg oppnåing av samfunnsmessige mål.

Føretaka skal utarbeide og implementere tydelege mål og strategiar.

3.2. Mål for finansielt eigarskap

Føretak som i hovudsak har eit finansielt føremål skal levere høgast mogeleg avkastning over tid. Eventuelle andre tilleggsmål skal tydeleggjerast i strategien.

I føretak med finansielt føremål bør kommunen stille krav om utbytte. Utbytteforventningar skal reflektere kva Ulstein kommune som eigar meiner er ein rett balanse mellom utbytte og tilbakehaldt kapital i føretaket.

3.3. Mål for ikkje-finansielle eigarskap

Føretak som i hovudsak har samfunnsmål eller andre politiske mål skal tydeleggjere desse i eigarstrategien.

Dersom føretaket også har verksemd i konkurranse med andre, forventar kommunen normalt høgast mogeleg avkastning over tid frå denne delen av verksemda.

4. Andre prinsipp for eigarstyring

4.1. Eigarmøte

Det bør jamleg gjennomførast eigarmøte for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med føretak.¹

Eit eigarmøte er eit møte mellom representantar frå kommunen som eigar, styret og dagleg leiar for føretaket.

Eit eigarmøte er ikkje lovregulert, men er ein uformell arena der eigar og føretaket kan ha gjensidig informasjonsutveksling og drøfte utvikling og rammevilkår for føretaket.

4.2. Lønspolitikk og arbeidsgivarpolitikk

Leiar sitt lønsnivå i føretak der kommunen er ein betydeleg eigar skal ligge på eit konkurransedyktig nivå, men ikkje vere lønsleiande. Bonus- og incentivordningar bør unngåast.

¹ Jf. KS si anbefaling nr. 6

Kommunen sin arbeidsgivarpolitikk gir føringar innan HMS, rekruttering, leiarutvikling, mangfald, kompetanseutvikling m.m.

Kommunen forventar at føretaka har ein god arbeidsgivarpolitikk og at denne blir utført på ein systematisk og trygg måte.

4.3. Samfunnsansvar

Føretaka har ei viktig samfunnsrolle og påverkar samfunnsutviklinga og nærmiljøet der dei opererer. Derfor er det viktig at denne samfunnsrolla i størst mogleg grad blir reflektert i både styring og dagleg leiing uavhengig av hovudføremålet med føretaket.

Eit berekraftig føretak balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige forhold på ein måte som bidreg til langsiktig verdiskaping.

4.4. Etikk

Dei føretaka som kommunen har eigarinteresser i skal ha etiske retningslinjer. Kommunen sine etiske normer kan leggjast til grunn.²

4.5. Openheit og innsyn

Kommunen forventar at kommunalt eigde føretak praktiserer meiroffentlegheit i den grad det er mogleg, også i dei tilfelle der føretaket driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.

Leiinga i føretaka har ansvaret for å avklare status i forhold til forvaltnings- og offentlegheitslova sine reglar.

4.6. Forholdet til reglane om offentlege innkjøp

Kommunen forventar at føretak som er omfatta av reglane om offentlege innkjøp etterlev regelverket, og at retningsliner nedfelt i kommunen sin innkjøpsstrategi vert lagt til grunn.

4.7. Bidra til lokal utvikling og gode tenester til våre innbyggjarar

All tenesteproduksjon som kommunen er involvert i, har som føremål å skape gode lokalsamfunn og yte gode tenester til kommunen sine innbyggjarar.

Kommunen forventar at kommunalt eigde føretak bidreg til lokal utvikling og lokalt eigarskap, innovasjon og omsyn til miljø.

5. Roller og ansvar

Innhaldet i punkta under gjeld så langt ikkje noko anna er bestemt i politisk reglement.

² Jf. KS si anbefaling nr. 19

5.1. Kommunestyret

Kommunestyret er ansvarleg for all kommunal verksemd. Kommunestyret må difor ha eit samla grep om heile den kommunale verksemda, også tenesteproduksjon som skjer i egne føretak.

Kommunestyret skal mellom anna:

- Vedta å opprette eller avvikle føretak.
- I etableringsfasen: vedta føremål, stiftingsgrunnlag og leiande organ.
- I driftsfasen: indirekte styring gjennom lovgitte styringskanalar og vedtekne prinsipp for eigarstyring.
- Vedta eigarstrategiar for føretak.
- Gjennomfører styreval. (Val av styrerepresentantar til aksjeselskap og interkommunale selskap vert gjennomført av generalforsamling og representantskap).
- Vedta eventuell reorganisering, avvikling og oppløysing av føretaket, eller ved sal eller overføring av kommunen sine eigardelar i føretaket til andre.
- Vedta selskapsavtale for interkommunale selskap.
- Oppnemner medlemmer til representantskapet i interkommunale selskap.

Kommunestyret kan invitere styreleiar og/eller dagleg leiar til å møte i kommunestyremøte og orientere kommunestyret om føretaket si drift, utvikling og saker av interesse. Føretaket kan også be om å bli invitert til å gi ei slik orientering

5.2. Formannskapet

Formannskapet i Ulstein er eigarutval for kommunestyret.

Eigarutvalet skal bidra til operativ, heilskapleg og føreseieleg folkevald eigarstyring og eigarskapsforvaltning av føretak. Formannskapet skal mellom anna:

- Bidra i arbeidet med å utvikle styringsdokument, som til dømes eigarmelding og eigarstrategi.
- Følgje opp kommunen si vedtekne eigarmelding ovanfor føretaka.
- Be om å få utgreidd saker til politisk behandling.
- Behandle løpande saker som vert lagt fram for eigarorgana i dei ulike føretaka.
 - Ofte er tidsfristane korte. Orienteringane kan derfor også skje i etterkant av generalforsamlinga/ representantskap.
 - Orienteringa kan skje ved munnleg orientering eller som ei melding til formannsskap/kommunestyre.
- Vere generalforsamling for kommunen sine heileigde kommunale aksjeselskap og velje styremedlemmar til kommunen sine heileigde kommunale aksjeselskap etter innstilling frå valutvalet.

5.3. Ordførar

Ordførar møter som kommunen sin representant i føretaka sine eigarorgan med dei føringar eigarutvalet gir, med mindre noko anna er bestemt.

For interkommunale selskap skal kommunen sine eventuelle andre representantar i representantskapet oppnemnst blant kommunestyret sine faste medlemmar.

Ordførar kan delegere representasjonsretten til varaordførar eller annan representant for kommunen.

Ordførar har møte- og talerett i føretaka sine organ, med mindre det er formelle avgrensingar for dette.

5.4. Styret

5.4.1 Forventningar til styret si samansetning

For føretak som har eit styre, er styret føretaket sitt viktigaste styringsorgan.

Kommunen skal som eigar vektlegge kompetanse hos styremedlemmar for å få ei samansetting av styret som best mogeleg varetek føretaket sitt behov.

Kommunen sine behov og forventningar til føretaket, samsvarer ikkje nødvendigvis med det som er best for føretaket. Det er difor tilrådd at folkevalde ikkje bør sitte i styret i kommunalt eigde føretak.³

Styret i aksjeselskap og interkommunale selskap der kommunen er medeigar, bør ha mest mogeleg kjønnsbalanse, og som ein minimumsregel fylle lovmessige krav.⁴

Styret bør ha kompetanse, kapasitet, og mangfald tilpassa føretaket og kommunen sitt føremål med eigarskapet.

Døme på kompetanse og erfaring som er ønskeleg er:

1. Kunnskap om føretaket si verksemd
2. Bransjekunnskap
3. Spesialkompetanse og erfaring innan område som juss, økonomi/finans/ rekneskap, risikostyring, marknadsføring, HMS, tekniske fag, m.m.
4. Leiarerfaring og endringsleiingskompetanse
5. Kompetanse og erfaring knytt til offentleg forvaltning og politiske prosessar
6. Kompetanse og erfaring knytt til styrearbeid.
7. Kompetanse og erfaring knytt til miljøarbeid, FN's berekraftsmål, m.m.

³ [Etikkutvalget: Folkevalgte bør ikke sitte i styret - KS](#)

⁴ Jf. KS si anbefaling nr. 11

Eit aktivt eigarskap inneber at eigarane arbeider for endringar i styret dersom eigaren meiner styret ikkje fremjar eigarane sine interesser.

Der det vert peika ut vara til styre bør ordninga med numerisk vara nyttast for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.⁵

5.4.2 Styret si rolle og ansvar

Styret har det overordna ansvaret for forvaltning av føretaket, og skal vareta ein uavhengig kontrollfunksjon ovanfor føretaket si leiing på vegne av eigarane.

Styret utarbeider og legg fram avgjerslegrunnlag til føretaket sitt eigarorgan.

Styret skal sørgje for at føretaket vert forvalta i samsvar med formålet og realisere eigarane sin visjon. Det skal støtte, evaluere og kontrollere den daglege leiinga.

Kommunen forventar at styret varetek samfunnsansvar, etikk og berekraftig utvikling. Styret har ansvar for rekruttering og løn- og arbeidsvilkår for dagleg leiar. Dersom ikkje anna er bestemt er dagleg leiar styret sin sekretær.

Styreverv er eit frivillig personleg verv, med det juridiske ansvaret som følger styrevervet. Det enkelte styremedlem skal ivareta føretaket sine interesser, og representerer ikkje politiske parti, kommunen eller andre interesser.

Ein styremedlem kan gjerast personleg ansvarleg for sine handlingar eller manglande handlingar. Styret bør derfor teikne eiga styreforsikring.

5.4.3 Habilitetsvurdering av styrerepresentantar

Ein kommunestyrerepresentant som er styremedlem i eit føretak vil kunne hamne i habilitetskonflikt mellom rolla som folkevald og rolla som styremedlem, jf. forvaltningslova § 6 første og andre avsnitt.

Kommunestyremedlemmen kan i forkant av ei sak be om å få vurdert sin habilitet av administrasjonen.⁶ Det er kommunestyret som tek endeleg stilling til spørsmålet om habilitet.

Kommunal- og regionaldepartementet har laga ein rettleiar om [habilitet i kommunar og fylkeskommunar](#), der problemstillingar rundt styrerepresentasjon er drøfta.

5.4.4 Styrehonorar

Styrehonorar skal vere nøkterne og bør fastsettast basert på føretaket sitt økonomiske omfang, arbeidsbelastninga i styret og styrerisiko.⁷

⁵ Jf. KS si anbefaling nr. 14

⁶ Jf. KS si anbefaling nr. 15

⁷ Jf. KS si anbefaling nr. 16

5.5. Kommunedirektør

Kommunedirektør har ansvar for kommunen sin eigen driftsorganisasjon, men ikkje for føretak utanfor kommunen.

Kommunedirektøren har ei rådgjevande rolle ovanfor kommunestyret, eigarutval, føretaket sine eigarorgan, ordførar og andre folkevalde om føretak.

Kommunedirektøren skal stille administrative ressursar til rådvelde for dei folkevalde og hjelpe med avgjerslegrunnlag om eigarsaker. For å få nødvendig informasjon kan kommunedirektøren få observatørstatus i styrer for selskap/føretak.

I kommunale føretak har kommunedirektøren moglegheit til å uttale seg og til å instruere styret om å utsette iverksetjinga av ei sak til kommunestyret har behandla saka.

Kommunedirektøren skal elles:

- Administrativt følgje opp kommunen si vedtekne eigarmelding, og ivareta kommunen sin direkte tenestedialeg med føretaka.
- Førebu saker til politisk nivå om utforming av eigarmelding, eigarstrategiar og føretaksvedtekter, eller andre saker som krev særskilt fokus frå føretaket sin eigar.
- Sikre at styrebehandla (vedtekne) budsjettforslag blir fremma som ein del av kommunedirektørens budsjett- og økonomiplan, samt at føretaka si rapportering følgjer kommunen si økonomirapportering og årsmelding.
- Kommunedirektøren utarbeider eventuelle utbytteforventningar som vert kommunisert til føretaka sine styrer i dei føretaka der det er aktuelt med utbytte, i tråd med eigarstrategiar som vert vedtatt.

5.6. Kontrollutvalet

Eigarskapskontroll er ei av kontrollutvalet sine lovpålagte oppgåver og eit viktig verkemiddel for å sikre at føretaka vert underlagt folkevald styring og kontroll, jf. kommunelova § 23-2 bokstav c og d.

Innsyns- og undersøkingsretten til kontrollutvalet, og/eller revisor, gjeld følgjande selskap:

- kommunale føretak (KF)
- interkommunale selskap (IKS)
- interkommunale politiske råd (IKP)
- kommunale oppgåvefellesskap (KO)
- aksjeselskap der kommunen åleine eller saman med andre kommunar direkte eller indirekte eig alle aksjane (AS)

I desse føretaka har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til å hente inn dei opplysingane dei finn påkravd, og kan gjennomføre naudsynte undersøkingar.

Kontrollutvalet skal verte varsla om og har rett til å vere til stade i eigarorgana (representantskapsmøte og generalforsamling).

Kontrollutvalet skal initiere evaluering av eigarstyringa i kommunen. Utvalet skal minst ein gong i kommunestyreperioden utarbeide ein plan for eigarskapskontroll. Planen skal vedtakast av kommunestyret.

Det er viktig at kontrollutvalet er sikra rammer til å kunne utføre sin kontroll på ein god måte.⁸

5.7. Opplæring av og informasjon til folkevalde

Kommunen bør som ein del av folkevaldopplæringa gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarseminar for alle folkevalde i dei ulike aspekta knytt til eigarstyring av utskilt verksemd. Det vert tilrådd at kommunestyret tidleg i perioden får førelagt ei oversikt over status for føretaka.⁹

⁸ Jf. KS si anbefaling nr. 21

⁹ Jf. KS si anbefaling nr. 3